



Flyplassjefen på Stord, uskedelingen Jan Morten Myklebust (biletet), ber kommunen og fylket om pengar denne veka for å betala tilsette løn, melder Sunnhordland.

I eit brev til eigarane (kommunen og fylket) ber han om fire millionar for å kunne oppretthalda drifta fram til 30. juni. For å oppretthalda drifta ut året treng han 3,5 millionar. Han treng altså 7,5 millionar for å sikra drifta til flyplassen frå 2010 får faste, årlege tilskot frå Staten.

Stordfly AS kan truleg ikkje betala lufthamnavgifter fram til juli og det er grunnen til den akutte likviditetskrise.